

Til:

Kommune, fylke, og stat, aktuelle grunnleigerar og naboar

Plan ID: 2025018003

Arkivsak ID: 2175

Ulsteinvik, 09.03.26

Varsel om detaljregulering – Ellingsøyvegen 700 - gbnr. 155/18

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 blir det varsla oppstart av detaljregulering for Ellingsøyvegen 700 - gbnr. 155/18, planID 2025018003. Området er ca. 35,5 daa og avgrensa som vist på kart. Det omfattar delar av sjøområdet mellom bedrifta Nils Sperre AS og Sperreholmen.



Forslagsstillar er Nils Sperre AS, Ellingsøyvegen 700, 6057 Ellingsøy v/ Nils Johan Sperre,
tlf: +47 908 34 201, e-post: nils.johan@nsperre.no

Planområdet er lokalisert på Ellingsøya der Nils Sperre AS i dag har næringsverksemd. Føremålet med planen er å få planrammer for utfylling i sjø for etablering av ny djupvasskai. Dagens kaianlegg er ikkje tilstrekkeleg tilrettelagt for tilkomst for større båtar. På nytt kaiområde planleggast etablering av industrilokale for å utvide produksjon av pelagisk fisk.

Gjeldande plan er «Kommunedelplan for Ålesund 2016-2028» der planområdet er sett av til friluftsområde i sjø. Utfyllinga er såleis ikkje i tråd med overordna plan.

Krav om konsekvensutgreiing er vurdert i høve til «Forskrift om konsekvensutredninger» kap. 2, og vurderast å falle inn under vedlegg II 11k): «Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse». Tiltaket vurderast å gje vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, og såleis å vere KU-pliktig. Det er ikkje krav om planprogram. Ein ber om innspel til aktuelle tema for konsekvensutgreiing.

Ytterlegare opplysningar om planen kan fåast hjå Sporstøl Arkitekter AS. Naboar, grunneigarar og høyringsinstansar vert varsla direkte. Varslingsdokument er tilgjengeleg for nedlasting på www.sporstol.no under fane «Varsel», og på Ålesund kommune si heimeside.

Innspel til planarbeidet bes sendt skriftleg til plankonsulent:
Sporstøl Arkitekter AS - boks 301 - 6067 Ulsteinvik
E-post: silje@sporstol.no - Tlf.: 700 18 550

Frist for innspel er 20.04.26

Med helsing

Sporstøl arkitekter

Vedlegg

V1 Planinitiativ

V2 Planavgrensing

V3 Referat frå oppstartsmøte

V4 Sjekkliste – ROS

V5 Oversiktskart

V6 Varsla høyringspartar